

Siste Haugen-bøkene er levert frå lager!

07.03.2020



Kristian Hus og Thor Inge Døssland er klare til å levert dei siste bøkene ut til bokhandelen.

Boka om den legendariske dr. Haugen som kom ut på Skimtvis forlag våren 2019, vart ein skikkeleg suksess. Første opplaget gjekk unna som varmt kveitebrød, og utgjevarane måtte fort i gang med eit 2. opplag som kom ut sist sommar. Salget forsette svært godt med ein topp under julehandelen. Likevel var det ikkje stopp, og i dag vart dei siste bøkene levert ut frå lager.

I dag vart 30 bøker levert til Bente Soldal og Rosendal Bokhandel. Utgjevar og forfattar Kristian Hus tok med seg dei siste bøkene han hadde på lager på Husnes. På vegn til Rosendal var han innom medforfattar Thor Inge Døssland og henta resten av hans lager. Dermed kunne han overlevera dei 30 bøkene som Bente Soldal hadde bestilt.

Salget av boka har vore eventyrlig, og dei som har tankar om å sikra seg eit eksemplar av den, bør vera raske. I tillegg til Rosendal Bokhandel veit vi at boka framleis er å få kjøpt på Libris Husnes. Elles kan det vera nokre få bøker på nokre av dei andre plassene som har hatt boka for salg.

I tillegg til Hus og Døssland er også Kristian Bringedal mellom dei som står bak den populære boka. Dei er samde om at det har vore svært kjekt å arbeida med dette bokprosjektet. Dei har opplevd stort og positivt engasjement frå personar som har bidrige til innhaldet i boka. Dei har også opplevd at svært mange er takksame for at det endeleg kom ei bok om den kjende og omtykte legen.

- Alle dei gode tilbakemeldingane vi har fått etter det gode salget av boka, set vi stor pris på, er det tre einige om.

Etter at boka kom ut, har forfattarane fått inn 87 nye, gode historier frå livet til dr. Haugen. Desse er publisert på nettsida dokterhaugen.no. Forfattarane er framleis interessert i meir stoff om den velkjende legen. Dersom nokon sit inne med noko, kan dei ta kontakt på mobil 932 88 237 eller email thordossland@gmail.com.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Solveig Hus